

Lage mapper på favorittfeltet (Bokmerkerada)


Nettsider du brukar ofte er det praktisk å legge inn som «*Favorittar*» (Bokmerke) på Favorittfeltet (Bokmerkerada). Da er dei lette å finne og opne utan at du treng å søke på nytt.

Men legg du inn for mange favorittar så blir favorittfeltet etter kvart heilt fullt. Enda fleire favorittar vil da legge seg i ei «liste» som «Skjulte favorittar» nedover til høgre på sida. For å få fram denne lista klikkar du på pila heilt i enden på favorittfeltet (bokmerkerada). Dersom favorittfeltet er fullt, og du ikkje lenger ser alle favorittane men må leite i lista med skjulte favorittar, så fell mykje av vitsen med favorittar bort. Da kan du like gjerne søke på nytt etter nettsida du vil ha tak i. For å hindre at favorittar, du gjerne vil sjå, forsvinn i «skjulte favorittar», kan du ordne favorittar i «mapper» på favorittfeltet. I kvar mappe kan du samle favorittar som «hører» saman. Eks: Ei mappe «Offentleg» der du legg inn nettsida til kommunen, fylket, skatteetaten, osv. Og liknande ei mappe «Helse» med nettsider for Helsenorge, tannlege, apotek, osv.




Lage mapper i nettlesar Edge.

1. Klikk på dei tre prikkane ute til høgre for adressefeltet.




2. I menyen du får opp, klikk på «Favorittar».

3. I menyen som nå kjem opp klikk på mappesymbolet med pluss-teikn lengst oppe.




4. Ved klikk på mappesymbolet kjem «Ny mappe» opp lengst nede (Sjå illustrasjon på neste side). Skriv gjerne namn på mappa før du klikkar meir, eller går ut av menyen.

5. Når du går ut av menyen vil «Ny mappe» legge seg oppe i favorittfeltet, dersom det er plass.




«Skjulte favorittar» får du fram ved å klikke på pila.

6. Dersom det ikkje er plass på favorittfeltet, vil «Ny mappe» bli plassert lengst nede på lista i «Skjulte favorittar».



7.

For å flytte «Ny mappe» opp i favorittfeltet, tar du tak i mappa med musepeikaren, held venstre musetast nede og dreg «Ny mappe» opp i feltet. Når ein svart strek kjem opp mellom favorittane i feltet, så slepper du musetasten og «Ny mappe» blir plassert der den svarte streken er.




8. For å endre namn på «Ny mappe», høgreklikkar du på mappa og vel «Gi nytt namn» i menyen som kjem opp.



Lage mapper i nettlesar Google Chrome.


Framgangsmåten for å lage mapper på «Bokmerkerada» i Google Chrome er, med få unntak, nokså lik med framgangsmåten for Edge.

1. Klikk på dei tre prikkane til høgre for Bokmerkerada.




2. I menyen du får opp, klikk på «Bokmerker og lister».

3. I menyen som nå kjem opp, klikk på «Bokmerkebehandling»



4. Nå kjem det opp ein meny med eit felt lengst oppe der det står «Søk i bokmerker». Klikk på dei tre prikkane til høgre for feltet.



5. Ein ny meny kjem opp der det m.a. står «Legg til ny mappe». Ved klikk på «Legg til ny mappe» kjem det opp ein meny med eit markert felt der du kan skrive namn på den nye mappa.



6. Skriv namn på mappa og klikk på «lagre». Resten av framgangsmåten blir slik som vist for Edge.

